



Karsten Daae Stene
Hellebakken 3
5039 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/5868 - 18/4643

Saksbehandlar:
Nils Kaalaas
NIK@lindas.kommune.no

Dato:
13.02.2018

Søknad om bygging av landbruksveg Tyborgneset

Dokument:

Søknad om bygging av landbruksveg frå K.D. Stene innkome 27.06. 2014

Saka sendt regionale mynde til uttale 19.12.2014

Uttale Hordaland Fylkeskommune 05.01.2015 og 26.02.2015.

I tillegg har Statens Vegvesen gjev løyve til avkjørsle på Tjukkhella som er referert.

Lovgrunnlaget.

Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier

Naturmangfallova

Saksutgreiing

Det vert søkt om å bygga ein ca 2.200 meter lang landbruksveg vegkl 4 frå Tjukkhella og fram til dei veglause bruka på Tyborgneset. Vegen vil ha betydning for eit areal på ca 1500 dekar og av dette er det ca 300 deka planteskog med gran. Eit grovt anslag over kostnad med bygging av vegen vil truleg koma på rundt rekna 3 millionar kroner.

Vegen er sendt regionale mynde der Hordaland Fylkeskommune har svara innan fristen at dei ikkje har eller har funne forminne i området, men gjer merksam på dei skal varslast om det under arbeidet skulle koma fram funn. Fylkesmannen har innan fristen ikkje gjeve tilbakemelding, noko som betyr at dei ikkje har merknader til vegbygging i området. Naboar er varsla med at det er informert og halde møter om bygging av vegen.

Vurdering:

I Tyborgneset er det fast busetnad, men bruka er veglause, der tilkosten er med ei eldre kabelferje.

Det er den siste garden med busetnad i Lindås som ikkje har vegtilkomst.

Vegen vil ha betydning for eit areal på ca 1500 dekar, der ca 300 dekar er planteskog med gran ca 40 dekar er jordbruksareal, og resten er myr/snaumark med spreid furu og lauvskog. Ut frå ei samlar vurdering så har ein funne grunnlag for at det er heimel å bygga vegen etter Landbruksveg forskrifta.

Kommunen har og vurdert vegen etter § 7 i Naturmangfalldlova utan å sjå at vegbygging vil ha negativ verknad på naturmangfaldet. Bygging av vegen vil heller ikkje medføra fare for flaum og ras.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Vedtak:

Det vert synt til saksutgreiing og vurdering og med heimel i Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier av 28.05. 2015 godkjenner Lindås kommune bygging av veg frå Tjukkhella og fram til sjøvegen på Tyborgnes. Vedtaket er gjeldane i 3 år frå 01.03. 2018

Ein vil gjera merksam på merknaden frå Fylkeskommunen om meldeplikt om at det under arbeidet kjem fram fortidsfunn så skal arbeidet stansast og varslast. Det må og avtalast rett til vegframføring og massetak med dei grunneigarar som ikkje er deltakarar i vegen.

Med helsing

Nils Kaalaas
fagleiar skogbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Karsten Daae Stene

Hellebakken 3

5039

BERGEN